

VEDTEKTER
FOR
FØRDE ROTARYKLUBB

1. Val av styre og tillitsvalde.

- 1.1 Styret har 6 medlemar: President, innkomande president, avtroppande president, sekretær, kasserar og ein vald mellom medlemane i klubben. Alle er valde for 1 år.
- 1.2 Styret fungerer som valnemnd.
Seinast 2 veker før årsmøtet skal valnemnda komme med framlegg til nytt styre.
- 1.3 Valnemnda sitt framlegg blir lagt fram på årsmøtet som kan komme med tilleggsframlegg. Dersom minimum eitt av medlemane krev det, skal det gjennomførast skriftleg val.
- 1.4 Ved likt røystetal vert valet avgjort ved loddtrekning.

2. Styret

- 2.1 Styret er ansvarleg for leiinga av klubben og har ansvar for å fastsette møtedatoar og semesterplan.
- 2.2 Styret konstituerer seg med visepresident, normalt avtroppande president.

3. Plikter for tillitsvalde

- 3.1 President
Presidenten skal leie klubbmøta og styremøta og elles gjere det arbeidet som vanleg ligg til dette ombodet.
- 3.2 Visepresident
Når president ikkje kan møte, skal visepresidenten leie klubbmøta og styremøta.
- 3.3 Sekretær
Sekretæren skal føre medlemskartoteket og møteprotokollen. Sekretæren skal syte for at dei fastlagde rapportane til Rotary internasjonal og halvårsrapportane til generalsekretæren 1. januar og 1 juli vert sende. Etter at val er gjennomført skal han syte for at resultatet vert rapportert til Rotary International. Vidare skal sekretæren syte for melding om endring i medlemstalet til Rotary Internasjonal, sende frammøtestatistikk for klubbmøta til guvernøren etter siste møte i månaden, og elles gjere det arbeidet som til vanleg ligg til dette området.
Sekretæren sender e-post til medlemane og minner om komande møte.
- 3.4 Kasserer
Kasseraren skal ta vare på klubben sine midlar, føre rekneskap og leggje det årleg fram for klubben og for styret når det vert kravd. Vidare skal han utføre dei oppgåver som er pålagt i pkt. 9 og elles gjere det arbeidet som vanleg ligg til dette

ombodet. Når kasseraren sluttar i ombodet, skal rekneskapsbøker og anna av klubben sine eigedomar leverast til presidenten eller til sin etterfylgjar.

4. **Møte**

- 4.1 Årsmøtet vert halde siste møtedag før sommarferien kvart år. Det skal gjennomførast val av nytt styre slik det er gjort greie for i pkt. 1.3.
- 4.2 Klubben har møte kvar måndag kl. 19.30. Når det er gode grunnar for det, kan styret endre stad, dag eller klokkeslett for møtet. Styret er ansvarleg for at alle medlemmane vert varsla om eventuelle endringar.
- 4.3 Årsmøte og vanlege møte er vedtaksføre når 1/3 av medlemmene er til stades
- 4.4 Styremøta vert halde når presidenten finn det nødvendig eller etter oppmoding av minst 2 styremedlemer. Det skal vere minst 2 styremøte i kvart semester.
- 4.5 Styret er vedtaksfør når minst halvparten av styret er til stades.

5 **Årskontingent.**

- 5.1 Årskontingenten vert fastsett av klubben etter framlegg frå styret. Kontingenten blir kravd inn to gonger i året.

6 **Røystemåte.**

- 6.1 Val på styre og tillitsvalde skal vere skriftleg dersom minst eitt av medlemmane krev det. I andre saker røyster medlemmene slik klubben fastset etter framlegg frå presidenten.
- 6.2 Med unntak av val etter pkt. 1.3 er presidenten si røyst avgjerande ved likt røystetal. Dette gjeld saker det vert røysta om på årsmøte, vanlege møte og i styremøte. Når presidenten ikkje er til stades, gjeld tilsvarende for visepresidenten (evt møteleiar, jf 2.2 og 3.2).

7 **Komitear.**

- 7.1 Med styret si godkjenning oppnemnar påtroppande president hovudkomitear og underkomitear for komande år. Dette skal skje seinast på årsmøtet.
- 7.2 Så langt råd er, bør det vere ein viss kontinuitet i komiteane over ein treårsperiode. Etter behov kan det skje ei viss omplassering av medlemmar mellom komiteane.
- 7.3 Som øvste tillitsvald kan presidenten møte i alle komiteane. Han har då rettar på lik line med medlemmane i komiteen.
- 7.4 Kvar komité skal utføre det arbeidet som dei er pålagde i vedtektene, eller som presidenten i styret pålegg dei. Ein komité må ikkje, utan fullmakt frå styret, setje i verk tiltak som bind klubben økonomisk.

8 Fritak for møteplikt.

- 8.1 Dersom det er gode grunnar for det, og det ligg føre ein skriftleg søknad, kan styret fritta ein medlem frå møteplikta for ei avgrensa tid. Er grunnen at medlemmen er langvarig sjuk eller ufør, skal ikkje fråværet reknast i møtestatistikken.
- 8.2 Dersom det av praktiske grunnar er vanskeleg for ein medlem å møte over eit halvt eller heilt år, kan vedkomande søkje styret om permisjon. Medlemmen betalar då den delen av medlemspengane som klubben betalar vidare.

9 Finansar.

- 9.1 Kasseraren skal ta vare på pengane slik styret avgjer.
- 9.2 Rekneskapsåret er frå 1. juli til 30. juni. Kontingenten skal innbetalast halvårleg i samsvar med pkt. 5. Betaling per capita avgifter skal betalast 1. juli og 1. januar på grunnlag av medlemstalet desse dagane.
- 9.3 Når rekneskapsåret tek til, skal styret utarbeide og vedta eit budsjett for rotaryåret. Budsjettet skal deles i to deler, ein som gjeld klubbaktivitetar, og ein som gjeld prosjekt.
- 9.4 Kasseraren skal setje klubben sine midlar inn i bank. Prosjektmidlar skal bli synleggjort i rekneskapan.
- 9.5 Rekneskapan skal reviderast av klubben sin revisor ein gong om året.

10 Framlegg på nye aktive medlemmer.

- 10.1 Førde Rotaryklubb har utarbeidd eigne reglar for opptak av nye medlemmar. Desse reglane skal leggest ved vedtektene.

11 Møteorden

Til vanleg skal klubbmøte fylgje slikt opplegg:

- Møtet vert opna av presidenten
- Introduksjon av gjester
- Rotary-informasjon
- Eventuelt saker frå styret
- Eventuelt komiterapportar
- 3-minuttar
- Foredrag eller anna program
- Heving av møtet

12 Endring av vedtektene

Desse vedtektene kan endrast på vanleg medlemsmøte med 2/3 av røystene. Framlegg til endring må vere gjort kjend for medlemmene skriftleg minst 14 dagar før møtet.

